



RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR VIK KOMMUNE 2024 – 2028

Handsama av formannskapet 12.9. 2024

Vedteken av kommunestyret 25.9.2024, sak 091/24.

Innhald

Føreord:	4
1. Innleiing:	5
1.1. Bakgrunn for planen:	5
<i>Status for planen:</i>	6
1.2 Lovgrunnlaget:	6
<i>Folkehelseperspektivet:</i>	7
<i>Lokal helseovervaking:</i>	7
1.2.1 Alkohollova og definisjonar:	7
<i>Bevillingsplikt:</i>	8
<i>Alkoholhaldig drikk:</i>	8
Sal og skjenketider i alkohollova:	9
<i>Sakshandsaming ved tildeling av prikk/saker med inndraging :</i>	11
<i>Kontroll:</i>	12
1.2.2 Kommunen sitt ansvar på rusfeltet:	12
2. Rusmiddelsituasjonen:	14
2.1 Rusmiddelbruk i eit samfunnsperspektiv:	15
2.1.1. Risiko og beskyttelsesfaktorar:	18
2.2 Skildring og vurdering av rusmiddelsituasjonen lokalt:	18
2.2.2 Legal omsetning av alkohol i Vik kommune:	20
2.3 Førebygging:	21
3. Målsettingar for Vik kommune sin rusmiddelpolitikk:	22
4. Tiltak:	23
5. Løyvepolitikken:	25
6. Planen sine økonomiske fylgjer:	25
7. Rullering av planen:	25
8. ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER FOR VIK KOMMUNE:	26
8.1. Generelt:	26
8.2 Søknad om løyve:	27
<i>Løyveperioden:</i>	27
8.3 Tildeling og fornying:	27
8.4 RETNINGSLINER FOR SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKK GRUPPE 1 TIL FORBRUKAR:	28
8.4.1 Tildeling av salsløyve:	28
8.4.2 Salstider for alkoholhaldig drikk gruppe 1:	29
8.5 SALSLØYVE FOR AS VINMONOPOLET:	30

8.6 SKJENKELØYVE:	31
8.6 SKJENKETIDER FOR ALKOHOLHALDIG DRIKK:	34
8.7. AVGIFTER:	38
8.8. Kontroll:	38
8.9 Reaksjonar ved brot på alkohollova sine reglar m.m.:	39
<i>Tildeling av prikk:</i>	39
• 8 prikkar:	39
• 4 prikkar:	40
• 2 prikkar:	40
• 1 prikk:	40
Kjelder	41

Føreord:

Ruspolitikk er eit omfattande område. Rusmiddelbruk er nært bunde saman med kultur og sosiale normer i eit samfunn. Kva som er akseptert og sett på som normal bruk/misbruk, vil variera frå land til land, og mellom ulike sosiale grupper i eit samfunn. Utgangspunktet for norsk alkoholpolitikk er at alkohol er lovleg vare for alle over 18 år.

Alle kommunar har ansvar for å utforma tiltak for å redusera negative konsekvensar av rusmiddelbruk. Kommunen er arbeidsgjevar, tenesteytar og samfunnsutviklar med stort ansvar for folkehelsa.

Dei som bur i kommunen og som treng hjelp grunna eige eller andre sitt rusmiddelbruk, skal oppleva at kommunen sitt hjelpeapparat har evne og vilje til å yta naudsynt hjelp. Det kan gjelda eit barn av ein rusmiddelbrukar, ungdom, ein vaksen som har eit langvarig rusmiddelbruk bak seg, eller pårørande til ein rusmiddelbrukar.

Utgangspunktet for norsk alkoholpolitikk er at alkohol er ei lovleg vare for alle over 18 år. Mange menneske har glede av å nyta alkohol i moderate mengder, og har ynskje om at alkoholhaldig drikke skal vera rimeleg tilgjengeleg både for innkjøp og i form av skjenkestader. Hovudføremålet med lovgjevnaden og avgifter på alkohol er å regulera og redusera forbruket.

Forsking syner at kommunane si bevilling og kontrollmynde er med dei mest effektive verkemidla ein har for å redusera alkoholforbruket og alkoholrelaterte skader.

Ein rusplan med sal og skjenkepolitikk som fyl dei gjevne retningslinene og gjeldande føringar, er god folkehelsepolitikk.

1. Innleiing:

Dette er ei rullering av Vik kommune sin rusmiddelpolitiske handlingsplan for perioden 2020 – 2024

I fylgje alkohollova § 1-7 d, er kommunane pålagde å utarbeida ein alkoholpolitisk handlingsplan. Denne planen gjeld i 4 år, og skal reviderast/rullerast i første del av kvar kommunestyreperiode slik at det sitjande kommunestyret kan styra den kommunale alkoholpolitikken med retningslinjer for tildeling av løyve, førebyggjande innsats og ressursar for oppfølging av personar med rusproblem.

Det har ved brev til aktuelle organ (både interne og eksterne faginstansar) vore inviterte til å koma med innspel til planen. I tillegg har planen vore sendt på høyring til verksemdene som har sals- og skjenkeløyve.

Framlegg til revidert plan er utarbeidd av Kommunedirektøren v/ kommunalsjef samfunn, næring og kultur, med grunnlag i innhenta opplysningar og innspel frå aktuelle høyringsinstansar og faginstansar.

1.1. Bakgrunn for planen:

Alkohollova § 1-7 seier at:

«Kommunen skal utarbeide en alkoholpolitisk handlingsplan. Departementet kan gi forskrifter om innholdet av kommunal alkoholpolitisk handlingsplan».

Denne planen skal rullerast kvar kommunestyreperiode slik at det sitjande kommunestyret i 4-års perioden, kan styra den kommunale alkoholpolitikken med retningslinjer for tildeling av løyve, førebyggjande innsats og ressursar for oppfølging av personar med rusproblem. Denne planen gjeld for perioden 2024 – 2028.

Status for planen:

Ruspolitisk handlingsplan har status som temaplan i kommunen sitt plansystem.

Planen skal vera ein heilskapleg plan, med tiltak som er forankra i oppdatert kunnskap og vedtekne mål og retningslinjer på rusfeltet, og med relevant bakgrunnsinformasjon.

Planperioden for denne reviderte planen er 2024 – 2028.

1.2 Lovgrunnlaget:

Lovverket pålegg kommunane å løysa ei mengde oppgåver på rusmiddelfeltet.

Følgjande lover legg føringar for ruspolitisk handlingsplan:

- Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. (alkohollova) LOV-1989-06-02-27, sist endra ved LOV-2021-05-07-34
- Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskrifta), sist endra ved FOR-2005-06-8-538, sist endra FOR-2024-02-02-187
- Lov om helligdager og helligdagsfred (helligdagsfredloven) LOV-1965-06-04-1, sist endra ved LOV-2021-05-07-34
- Lov om serveringsvirksomheter (serveringslova) LOV-1997-06-13-55, sist endra ved LOV-2009-06-19-85
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtenestelova) LOV-2009-12-18-131, sist endra ved LOV-2022-12-20-121
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova) LOV-2011-06-24-29, sist endra ved LOV-2023-12-20-106
- Lov om kommunale helse og omsorgstjenester (helse- og omsorgstjenestelova) LOV-2011-06-24-30, sist endra ved LOV-2023-12-20-106
- Lov om barnevern (barnevernslova) LOV-2021-06-18-97, sist endra ved LOV-2023-06-16-41
- Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (psykisk helsevernloven) LOV-1999-07-02-62, sist endra ved LOV-2022-12-20-115

Folkehelseperspektivet:

Målet med ansvarleg alkoholhandtering er å redusera og førebyggja overskjenking, skjenking til mindreårige, vald og ordensforstyrringar, samt å gje føling av auka tryggleik.

Ansvarleg alkoholhandtering er fyrst og fremst helsepolitikk. Servering og sal av alkohol kan gje inntekter og arbeidsplassar, men kan og medføra store kostnader og menneskelege lidingar. Difor skal kommunen ha folkehelseperspektivet med i alkoholpolitikken.

Alkohollova gjev kommunen stor fridom, men og ansvar når det gjeld å bestemma sin eigen alkoholpolitikk. Bevilling til å selja eller skjenka alkohol til forbrukar er ikkje ein rettighet. Dette gjeld sjølv om alle vilkåra i lova er oppfylt. I kva grad ein bør gje bevilling, vil alltid vera overlate til kommunen sin bruk av skjønn.

Lokal helseovervaking:

Kommunen skal ha skriftleg oversikt over helsetilstanden til befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verka inn på helsetilstanden. Plikta til å ha oversikt er forankra i folkehelselova, smittevernlova, folkehelseforskrifta, forskrift om miljøretta helsevern og forskrift om kommunanes helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelsetenesta.

Vik kommune har folkehelseoversikt frå 2023.

1.2.1 Alkohollova og definisjonar:

Alkohollova regulerer tilgjenge av alkoholhaldig drikk m.a. gjennom ordninga med løyve, fastsetting av vilkår for korleis sal og skjenking skal gå føre seg, og kontroll med at løyvehavarane fylgjer vilkåra.

I § 1-1 føremålet til lova, heiter det at:

«Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer».

Alkohol er ei lovleg vare for alle over 18 år. Mange menneske har glede av å nyta alkohol i moderate mengder. Det er og slik at det knyter seg relativt store næringsinteresser til sal og skjenking av alkoholhaldig drikk. Likevel er det stor semje om at ein med ulike verkemiddel skal avgrensa bruken av alkohol, og at omfanget av alkoholskadane har direkte samanheng med omfanget av forbruket. Alkohollova tek vare på desse kryssande interessene.

§ 1-7 d pålegg kommunane å utarbeida ein alkoholpolitisk handlingsplan:

«Kommunen skal utarbeide en alkoholpolitisk handlingsplan. Departementet kan gi forskrifter om innholdet av kommunal alkoholpolitisk handlingsplan».

Ruspolitisk handlingsplan i Vik kommune er retningsgjevande for alt rusførebyggjande arbeid/ruspolitikken i kommunen, og for handsaming av sal og skjenkeløyva.

Bevillingsplikt:

Er heimla i alkohollova § 1 – 4a:

«Sal, skjenking og tilvirkning av alkoholholdig drikk kan bare skje på grunnlag av bevilling etter denne lov».

Bevillingssystemet er eit av dei viktigaste verkemidla i norsk alkoholpolitikk. Det regulerer tilgjenge på alkohol ved å bestemma kvar og når det kan seljast og skjenkast alkohol, og kven som kan driva med slik verksemd. Systemet regulerer og sanksjonane ved brot på lova.

Alkoholhaldig drikk:

Alkoholhaldig drikk er etter alkohollova definert som fellesnemning for drikk som inneheld meir enn 2,5 volumprosent alkohol, men likevel slik at aldersgrensereglane (for sal, skjenking og kjøp) også omfattar drikk mellom 0,7 – 2,5 volumprosent alkohol.

1.juli 2005 kom det ein del endringar i alkohollova og i forskrifta til lova, m.a. endringar knytt til løyvesystemet for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk.

Inndelinga i øl, vin og brennevin vart endra til ei inndeling som er basert på alkoholinnhald målt i volumprosent.

Alkoholhaldig drikk med same alkoholstyrkje vert handsama likt utan omsyn til tilverking.

Regelverket for sal og skjenking er inndelt i gruppene 1, 2 og 3:

Gruppe 1- Drikk som inneheld over 2,5 og høgast 4,7 volumprosent alkohol. Aldersgrense 18.år.

Gruppe 2 – Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol. Aldersgrense 18 år.

Gruppe 3 – Drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol. Aldersgrense 20 år.

Brennevin:

Definisjonen av brennevin vert oppretthalden då det knyter seg ein del særreglar for denne. Ein kvar drikk som inneheld 22 volumprosent alkohol eller meir vert rekna som brennevin.

Sal og skjenketider i alkohollova:

«Dersom kommunen ikke har sagt noe bestemt om salgstiden, skal lovens normaltid i første ledd følges, dvs. at salg av alkoholholdig drikk i gruppe 1 kan skje fra kl. 08.00 til kl. 18.00 på hverdager og til kl. 15.00 på dager før søn- og helligdager. Dagen før Kristi Himmelfartsdag er unntatt og regnes i denne sammenheng som alminnelig hverdag. Det samme gjelder dagen før 1. og 17. mai, jf.lov om 1 og 17. mai som høgtidsdager § 2».

	Normaltider	Maksimaltider
Salsløyve for øl/opp til 4,7%		
• Kvardagar	08.00 – 18.00	08.00 – 20.00
• Dagar før søn/helligdag og Kr.h.fartsdag	08.00 – 15.00	08.00 – 18.00
• Søn/helligdag, 1. og 17.mai	Forbod	Forbod
Skjenkeløyve:		
• Øl og Vin (gr 1 og 2)	08.00 – 01.00	06.00 – 03.00
• Brennevin (gr 3)	13.00 – 24.00	13.00 – 03.00

Kommunen kan i stor grad sjølv avgjera sal og skjenketidene sine. Det er likevel ikkje høve til å bestemma at det kan seljast eller skjenkast utover maksimaltidene i lova. Dersom ikkje kommunen i forskrift eller i einskildvedtak fastset sals og skjenketider, er det normaltida i lova som gjeld.

Bakgrunnen for endring av alkohollova (med forskrift):

1.juli 2005 kom det ein del endringar i alkohollova og i forskrifta til lova.

Intensjonane i alkohollova er «...å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholforbruk kan medføre». Måloppnåinga er i stor grad avhengig av handsaminga i kommunane. Kontroll med sal og skjenking av alkohol er med dei viktigaste verkemidla i alkoholpolitikken. Ansvar for oppfølginga ligg hjå kommunen.

Alkohollova vart endra slik at det ikkje lenger vart forbode å selja alkohol på røystedagen for storting – og kommuneval og folkerøysting vedteke med lov. Etter alkohollova § 3 – 7 kan ein kommune sjølv bestemma om ein skal tillata sal av øl på røystedagane.

Endringane i alkohollova gjekk og i frå at kommunane kan reagere på brot på alkohollova til at kommunane skal reagere.

Endringane sikrar likebehandlinga av bevillingshavarane. Departementet gav difor uttrykk for at eit obligatorisk prikkssystem.

At systemet er nasjonalt vil seia at kommunane ikkje har høve til å gjennomføra ei skjønsmessig vurdering av sanksjonar.

Alkoholforskrifta kap.10 inneheld normerte reaksjonar for dei ulike typar brot på sal og skjenkereglane, samt særlege sakshandsamingsreglar. Lovendringa og forskrifta vart gjeldande frå 01.01.2016. Det vil seia at det no er obligatorisk tildeling av prikk/prikkar ved lovbrod. Eit einskild lovbrod kan maksimalt gje åtte prikkar, og det vert differensiert etter alvorsgraden. Eit einskild forhold kan likevel føra til direkte inndraging. Ei hending kan og innehalda fleire lovbrod.

Tal prikkar skal gjelda per type brod, men fleire likearta brod kan gje grunn for bruk av unntaksbestemmelsane. Forskrifta § 10 – 4, gjev høve til å tildela både færre eller fleire prikkar enn det som kjem fram i § 10 – 3.

Forskrifta peikar likevel på at høve til å tildela færre prikkar er meir avgrensa enn høve til å tildela fleire prikkar:

«Adgangen til å legge vekt på formildende omstendigheter skal være snever. Det er lagt vekt på at alkohollovens utgangspunkt er objektivt ansvar. Dette innebærer at det ikke er noe krav til at det skal foreligge skyld for at overtredelsen skal føre til ileggelse av prikker og inndraging. Adgangen til å tildele færre prikker er betinget av to kumulative vilkår, dvs at begge vilkår må være oppfylt. Det må foreligge både helt spesielle og svært formildende omstendigheter knyttet til overtredelsen. Dersom disse vilkårene foreligger, kan kommunen nedjustere antallet prikker».

Bakgrunnen for innføring av systemet med prikkbelastning er graden av likebehandling på tvers av kommunegrensene.

Sakshandsaming ved tildeling av prikk/saker med inndraging :

Tildeling av prikk/prikkar er eit einskildvedtak etter forvaltningslova §2 , jamfør alkoholforskrifta § 10 – 5. Dette gjeld sjølv om tildelinga av prikk ikkje fører til inndraging av bevillinga.

Inndraging er og eit einskildvedtak.

Ut i frå dette er det og sakshandsamingsreglane ved einskildvedtak som skal nyttast, jamfør forvaltningslova §3, andre ledd. Her og klagerett. I tillegg er det gjeve særlege bestemmelsar i alkoholforskrifta.

Dersom unntaksbestemmelsane i § 10 – 4 vert nytta, skal dette grunngjevast særskilt i sjølve vedtaket, jamfør § 10 – 4, tredje ledd.

I saker som gjer grunnlag for tildeling av prikk/prikkar, skal kommunen senda ut varsel om dette på førehand. Jamfør forvaltningslova § 16 og alkoholforskrifta § 10 – 5, fyrste ledd.

Kommunestyret er vedtaksmynde, eller den som er gjeve vedtaksmynde etter delegasjonsreglementet.

Vedtak om inndraging bør iverksetjast innan fire veker etter dato for vedtaket.

Statsforvaltaren er klageinstans.

Kontroll:

- Kontroll av skjenkestadene skal gjennomførast av to kontrollørar.
- Kunnskapsprøva skal berre vera elektronisk prøve.

1.2.2 Kommunen sitt ansvar på rusfeltet:

Kommunane har ansvaret for alle brukarar og pasientar uavhengig av diagnosar.

Lov om kommunale helse og omsorgstjenester (helse og omsorgstjenestelova) seier m.a. at:

«Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen, tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester».

Kommunane har difor ansvar for innbyggjarar med rus – og problem med avhengigheit og deira pårørande.

Ansvaret omfattar generelle og spesielle tiltak innan førebygging, kartlegging og tilvising, samt oppfølging før, under og etter tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Kommunen har ansvar for oppfølging av den einskilde rusmisbrukaren.

Kommunen har og plikt til å vurdera bruk av tvang etter melding frå pårørande:

«Kommunene skal ved melding fra pårørende om omfattende rusmiddelmisbruk foreta de nødvendige undersøkelser i saken, og vurdere om det skal fremmes sak etter §§ 10-2 eller 10-3. Når saken er utredet, skal den pårørende ha tilbakemelding om dette.

En persons pårørende etter første ledd er den som er definert som pårørende i pasient- og brukerrettighetsloven § 1-3 bokstav b».

Kommunen er tilvisande instans til tverrfagleg spesialisert behandling (TSB). Tverrfagleg spesialisert behandling er heimla i spesialisthelsetenestelova. Alle helseføretak skal syta for at det er tilgjengeleg døgnbehandling, dagbehandling og poliklinisk behandling anten i eige føretak eller gjennom private avtalepartar. Tilvising kan koma frå:

- Sosialtenesta – NAV
- Barneverntenesta
- Fastlege/allmennpraktiserande lege
- Privatpraktiserande legespesialist
- Lege ved andre deler av spesialisthelsetjenesta
- Lege i fengselshelsetenesta
- Anna helsepersonell som har rett til å tilvisa til spesialisthelsetenesta

Kommunen pliktar å samordna og koordinera tenester til brukarane. Ansvaret fyl av nemnde lover.

Samhandling kommune – stat:

Behandling av rusmisbruk eller avhengigheit, er ein lang prosess med fleire aktørar og mange fasar der brukaren sin aktivitet er vesentleg. Kommunen og spesialisthelsetenesta vil ha ulike roller, og i periodar vil dei overlappa kvarandre og/eller tilby tenester parallelt. For brukaren er det viktig at tenestene står fram som heilskaplege og godt koordinerte.

Psykisk helse og rus – «Fremtidens primærhelsetenestjeneste – nærhet og helhet» Stortingsmelding 26 (2014-2015):

Denne meldinga tek føre seg korleis den kommunale helse og omsorgstenesta kan utviklast for å møte dagens og framtidas utfordringar.

St.meld.nr . 47 (2008 – 2009) Samhandlingsreforma « Rett behandling – på rett sted – til rett tid»:

Samhandlingsreforma og dei nye lovene er tydelege på at psykiske lidningar og rusavhengigheit er likestilt med somatiske lidningar. Reforma legg til grunn at kommunane skal ta større ansvar for behandling og oppfølging av pasientar også innan psykisk helse og rus.

Rus og psykiatri vart fasa inn i samhandlingsreforma nasjonalt, frå 2016.

Prop.15 S (2015 – 2020) - Opptrappingsplanen for rusfeltet (2016 – 2020):

Denne planen vart godkjend i Statsråd den 13.november 2015. Proposisjonen omhandlar regjeringa sin opptrappingsplan for rusfeltet, i perioden 2016 til og med 2020. Proposisjonen gjev ei oversikt over dei framtidige hovudutfordringane, i tillegg til kortsiktige og langsiktige strategiar for å møte desse.

Meld. St. 23 (2022–2023) Opptrappingsplan for psykisk helse (2023–2033):

Tiltaka skal føra til betre psykisk helse og livskvalitet i befolkninga, og at det er god og lett tilgjengeleg hjelp for personar med psykiske helseutfordringar.

For å klara dette er det lagt inn fleire resultatmål som til dømes at alle innbyggjarane får tilgang til kunnskapsbaserte lågterskeltilbod innan psykisk helse og rus, og at menneskjer med alvorlege psykiske lidning og/eller rusmiddelproblem får auka levealder, og forskjellen i levealder mellom denne pasientgruppa og resten av befolkninga blir redusert.

Ny rusreform

Stortingsmelding om førebyggings- og behandlingsreform på rusfeltet er venta lagt fram i løpet av 2024.

2. Rusmiddelsituasjonen:

Dette kapittelet tek føre seg den grunnleggjande forståinga av og omtale av rusmiddelsituasjonen. Kapittelet startar med å ta føre seg rusmiddelsituasjonen i eit samfunnsperspektiv.

2.1 Rusmiddelbruk i eit samfunnsperspektiv:

I 2012 starta SIRUS (i samarbeid med Statistisk sentralbyrå), ein ny serie årlege befolkningsundersøkingar om bruk av rusmidlar og tobakk. I 2016 tok Folkehelseinstituttet over dette arbeidet. I « Rusundersøkelsen 2023 – dokumentasjonsnotat», er utvalet personar i alderen 16 – 79 år i Norge, samt eit tilleggsutval på 700 personar i alderen 16 – 30 år. Datainnsamlingane vart gjennomført ved hjelp av telefon.

Ein har her funne at gjennomsnittleg drikkefrekvens har vore stabil i åra 2012 – 2023.

Gjennom opplysningar frå « *Alkoholforbruk i den voksne befolkningen*» (www.fhi.no av 22.12.2023), har ein undersøkt m.a. følgjande:

- Kor mange drikk alkohol?
- Kor ofte drikk me?
- Kor mange drikk mykje på ein gong?
- Har dette endra seg over tid?
- Korleis varierer alkoholbruken mellom menn og kvinner, mellom ulike aldersgrupper og mellom sosio-demografiske grupper?

Det er særleg to aspekt ved bruken av alkohol som aukar risikoen for helsemessige og sosiale skader:

- Eit høgt alkoholinntak per gong (t.d. å drikka seg tydeleg rusa).
- Eit høgt inntak over lang tid.

Hovudfunna frå desse undersøkingane er:

- Åtte av ti i alderen 16 – 79 år seier at dei har drukke alkohol siste året.
- Eldre drikk oftare enn yngre, men dei drikk mindre om gongen og har eit mindre risikofylt drikkemønster.
- Menn drikk meir, oftare og meir risikofylt enn kvinner.
- Høgt utdanningsnivå og inntekt er forbunde med høgare drikkefrekvens, men lågare omfang av risikofylt drikking.
- Tre av fire drikk berre i helgane.
- Sjølvrapportert alkoholforbruk, som gjekk ned under pandemien, er no på same nivå som i 2019.

Utelivsstudien 2017:

I 2017 gjennomførte Folkehelseinstituttet (FHI) «utelivsstudien 2017 – Rusmiddelbruk blant folk «på byen» i Oslo og seks andre byer på Østlandet».

I denne studien stilte ein spørsmål om alkohol og bruk av illegale rusmiddelbruk har endra seg frå 2014 – 2017.

Bakgrunnen for studien var m.a. at det er generelt lite kunnskap, både nasjonalt og internasjonalt om bruken av illegale rusmiddel og alkohol målt med biologiske markørar i utelivet.

Resultat:

- Ein fann m.a. at bruken av alkohol og narkotika var framleis høgt hjå ungdommen (16 – 20 år) i 2017. Like mange ungdommar hadde drukke som i 2014, men færre hadde høg promille i 2017. Bruken av narkotika hadde gått noko ned, sjølv om MDMA (som er verkestoffa i partydopa ecstasy og molly) hadde ein auke frå 1,3% i 2014 – 2,8% i 2017.
- Alkoholbruken i Oslo var noko høgare enn byane utafor Oslo. Spyttprøvene synte at narkotikabruken også var høgare i Oslo, unnateke amfetamin og NPS (nye psykoaktive stoff) som var likt.

Andre former for avhengigheit:

I tillegg til alkohol, narkotika og ulike legemiddel, finst det og andre former for avhengigheit. M.a. doping og speleavhengigheit. Bruk av doping kan føra til misbruk av andre typar rusmiddel. Speleavhengigheit kan medføre mange av dei same problema som rusmisbruk, som depresjon, angst, stress, dårleg helse, fråvær frå studie/arbeid, vinningskriminalitet og generelt sett dårlegare økonomi. Sjølv om doping eller speleavhengigheit ikkje er omtala vidare i denne planen, kan mange av tiltaka sjåast i ein større samanheng.


Tredjepartskader eller passiv drikking:

Negative konsekvensar av alkoholforbruk for andre enn konsumenten vert omtala som tredjepartskader eller passiv drikking. Dette kan gjelda for følgjande område:

- Foreldra sin bruk av alkohol kan ha negative fylgjer for borna – i fosterstadiet og under oppveksten.
- Bruken av alkohol hjå arbeidstakarar kan føra til auka sjukefråvær.

- Bruken av alkohol kan vera årsaka til negative fylgjer som støy frå berusa personar, uønskt seksuell merksemd og vald (Folkehelseinstituttet).

Stortingsmelding nr 30 (2011-2012) peikar m.a. på at «*alkoholbruk er ingen privatsak*», at «*Med passiv drikking menes de skader og problemer som den som drikker påfører andre enn seg selv*».



Politiet sin tilstandsanalyse 2023:

I rapporten «*Trafikksikkerhetsarbeid – politiets tilstandsanalyse for 2023* (UP/Politidirektoratet) omtalar og vurderer kva kriminalitet som kan føra til drepte og hardt skadde i trafikken, og kva fylgjer dette får for samfunnet og for einskildindivid. I denne rapporten trekkjer politiet fram at rus/påverka av rus medverka til 18% av dødsulukkkene i trafikken i 2021.

2.1.1.Risiko og beskyttelsesfaktorar:

Kunnskap om risiko – og beskyttelsesfaktorar er eit viktig utgangspunkt for førebyggjande og tverrfagleg arbeid på rusområdet.

Risikofaktorar kan vera ulike faktorar hjå individet eller i oppvekstmiljøet som kan assosierast med økt sannsyn for negativ psykososial utvikling. Dette kan til dømes vera dysfunksjon i familien, mangel på kontroll over eige liv, dårleg sjølvbilete og sjølvtilitt, manglande omsorg, dårleg organisert skulekvardag med mobbing, m.m.

Når fleire risikofaktorar ligg føre samstundes, leier desse til auka risiko for problem. Det sentrale vert då å finna beskyttelses faktorane. Beskyttelses faktorane kan t.d. vera: medfødt robustheit, god sosial kompetanse, at familien fungerer godt, at lærar – elev relasjonen fungerer godt.

Mange av dei førebyggjande tiltaka vert utvikla med tanke på å styrkja beskyttelses faktorane og redusera risikofaktorane.

For born og unge er foreldre/føresette dei viktigaste aktørane i det førebyggjande arbeidet. Ei tydeleg foreldrerolle/rolle som føreset med gode relasjonar til borna, er ein svært viktig førebyggjande faktor.

2.2 Skildring og vurdering av rusmiddelsituasjonen lokalt:

Tilgjengelegheit:

- Det er vinmonopol i kommunen
- I daglegvarebutikkane sel ein øl og rusbrus
- Det er fleire skjenkestader i kommunen

Ut i frå tal skjenkestader i kommunen og tal skjenkebevillingar, er det lite som tyder på at Vik kommune har større alkoholomsetnad enn nabokommunane.

Truleg er innbyggjarane i Vik kommune påverka av dei endringane i drikkemønsteret som går føre seg elles i landet. Dette kan ikkje dokumenterast, då det ikkje er gjennomført noko undersøking som byggjer opp omkring denne påstanden.

Ungdommar i Vik har vore med i folkehelseundersøking. Her var det og stilt spørsmål om alkohol. Slike undersøkingar skriv seg tilbake til 2013 og 2015. Ein må og gå ut i frå at det vert konsumert alkohol hjå yngre ungdommar på private festar og såkalla «heimefestar».

Tidlegare undersøkingar m.a. politiet si ungdomsundersøking (i samarbeid med høgskulen i Sogn og Fjordane), har peika m.a. på at for å få tak i rusmidlar må ungdommane basera seg på manglande alderskontrollar i butikkar og pol, eller på at andre skaffar rusmidlar til dei. Dette er noko ein bør ta vidare inn mot det rusførebyggande arbeidet i kommunen.

Det er grunn for å tru at dette gjeld framleis, særleg at eldre ungdommar skaffar rusmidlar til dei som er yngre. Dette kan likevel ikkje dokumenterast.

Dei opplysningane ein har om rusmiddelsituasjonen lokalt som er av nyare dato, skriv seg difor mest frå tilbakemeldingar frå fagpersonar i ulike sektorar i Vik kommune.

Det registrerte alkoholforbruket:

Det registrerte alkoholforbruket fortel kor mykje alkohol ein sel og skjenkar i dei ulike verksemdene, og samla sett i kommunen. I denne planen ligg desse opplysningane i punkt 2.2.1 « Legal omsetnad av alkohol i Vik kommune».

Slike data gjev likevel ikkje informasjon om korleis bruk av alkohol fordeler seg i ulike grupper av befolkninga. For å få kunnskap om korleis alkoholbruken varierer mellom kjønn, alder og andre kjenneteikn må ein nytta spørjeundersøkingar som er gjennomført i representative utval i befolkninga. Dette har ein ikkje gjennomført i kommunen.

Politiet:

Politiet i Vik opplyser at det er lite rusrelaterte saker knytt til både ungdom og vaksne, men det er ein sterkt aukande trend i bruken av narkotika regionalt – også i Vik.

Ettervernsgrupper i kommunen:

Det er ikkje etablert noko eiga ettervernsgrupper i kommunen, men det er eigen kontaktperson i Vik kommune. Rusettervernet i Sogn og Fjordane har faste møter i Sogndal.

Det er ei gruppe for anonyme alkoholikarar i Vik, Vik AA. Anonyme alkoholikarar er eit fellesskap som byggjer på sjølvhjelpsprinsippet og 12 – trinn

med vekt på m.a. spørsmål som grunnlag for avhengigheita. Gruppa har faste møte, og er i beredskap.

Legane:

Talet pasientar med rusproblem har vore relativt stabilt dei siste åra. Dei har pasientar som har rusproblem som er vanskeleg å hjelpe.

Helsestasjon:

Helsestasjonen opplyser m.a. følgjande at inntrykket er at rusmiddelbruken hjå ungdommar under 16 år er relativt liten.

Psykisk helseteneste:

Psykisk helse- og rusteneste blei samla til ei teneste i 2022. Tidlegare låg rus under NAV. Tidlegare blei Brukarplan nytta for å registrere brukarar med rusutfordringar, men Brukarplan er avvikla grunna interne forhold.

Tal brukarar med rusproblematikk i teneste er for lågt til at ein kan gi ut tal, men inntrykket er at russituasjonen i kommunen er stabil. Det har ikkje vore auke i brukarar med rusproblem siste åra. Det er heller ikkje brukarar med nye typar rusmiddel.

Ungdommane på vidaregåande skular:

Ungdommane må ut av kommunen for å gå på vidaregåande skule. 98% av ungdommane søker seg til Sogndal vidaregåande skule, og flyttar på hybel til Sogndal. Nokre få elevar går ved andre skular i fylket, og nokre pendlar til/frå Sogndal.

Sidan mengda av ungdommar bur på hybel i Sogndal, har ein gode rutinar for samarbeid mellom Vik kommune og vertskommune/skule. Ein veit difor at mange ungdommar debuterer på alkohol når ein flyttar på hybel.

2.2.2 Legal omsetning av alkohol i Vik kommune:

År	Liter
2014	140.141
2016	137.558

2017	135.856
2018	139.341
2019	124.829
2020	118.825
2021	122.123
2022	148.307
2023	127.625

Omsetnaden i alkohol kjem frå 6 salsløyve og 9 skjenkeløyve. 2 salsløyve og 5 skjenkeløyve er i Vik sentrum.

Skjenkeløyve i Vik kommune per juni 2024:

Blix hotell AS, Dampen Pub AS, Tine SA Ostebaren, AK Årevik AS, Solvang Ferietun MK Thorsnes, Amazing Fjords, Nese landhandel.

Salsløyve:

NG Spar Vest AS, Coop Extra Vik, Feiosbui AS, Fjorden Nærbutikk AS, Coop Nordvest Fresvik.

2.3 Førebygging:

Å avgrensa tal sal og skjenkestader, er det viktigaste førebyggjande verkemiddelet som kommunane rår over for å avgrensa alkoholforbruket. Folkehelseinstituttet peikar på at skadeomfanget går ned når forbruket går ned.



(modellen syner samanhengen mellom tilgjengelegheit, forbruk, helsemessige og sosiale konsekvensar av alkohol).

Endra skjenketid verkar inn på tal valdsepisodar:

Tidlegare studiar har vist at byar som har utvida eller innskrenka skjenketida på natta opplever endringar i talet på valdsepisodar. Sjølv småe endringar i skjenketida kan verka inn på dette.

3. Målsettingar for Vik kommune sin rusmiddelpolitikk:

HOVUDMÅL:

1. Redusera det samla alkoholkonsumet i kommunen og arbeida mot eit narkotikafritt samfunn.
2. Redusera skadeomfanget som fylgje av bruk av rusmiddel.
3. Nokre soner i livet skal vera rusfrie, særleg område og tidspunkt som gjeld tilstellingar for born, ungdom og familiar, der desse er ei naturleg målgruppe og der målsettinga er rekreasjon og sosialt samvære.

STRATEGIAR FOR Å NÅ MÅLA:

Skal samfunnet lukkast i å unngå dei problema som bruken av rusmiddel kan føra til, må førebygging av dette gå føre seg på alle dei ulike arena som innbyggjarane er på. Dvs. i heimen, på skulen, i fritida og på arbeidsplassen.

Særleg viktig er det å skapa eit godt oppvekstmiljø. Skular og barnehagar er sentrale aktørar. Eit godt utbygd kultur og fritidstilbod er og ein viktig, førebyggjande faktor. Med bakgrunn i dette må ein:

- Skapa innsikt og forståing for at vaksne sitt forbruk og alkohol påverkar born og unge.
- Ansvarleggjera born og unge gjennom haldningsskapande arbeid og gjennom medråderett.
- Setja i verk hjelpetiltak for dei som har trong for hjelp, med tett samarbeid med spesialisthelsetenesta.
- Bevara og styrkja kompetanse innan både førebygging og behandling i høve til rusmiddel og misbruk av rusmiddel.

4. Tiltak:

TILTAK	ANSVAR
Informasjon om farane ved bruk av alkohol i svangerskapet	Helsestasjon og jordmor.
Foreldrerettleiing (PMTO).	Helsesjukepleiar/helsestasjon
Haldningsskapande arbeid knytt til barnehagane.	Kommunalsjef oppvekst – eller den ho gjev ansvaret til. Politiet har og førebyggjande arbeid i barnehagane. Arbeidet vert drøfta i politirådet.
Foreldremøte med fokus på rusførebygging og generelt haldningsskapande arbeid. Særleg viktig i overgangen grunnskule – vidaregåande skule (hybel).	Skulane i samarbeid med politiet og/eller politirådet.
Støtta opp omkring aktivitetar som ungdommane sjølve arbeider ut.	Ungdomsrådet eller andre frivillige lag og organisasjonar.

Ynskjeleg med eit synleg politi i samband med arrangement, festivalar m.m.	Arrangør, politirådet og politiet.
Gjennomgang av russituasjonen lokalt.	Politirådet – som ein del av drøftingane der. Kommunedirektøren held ordførar og kommunestyret oppdaterte.
Søkja på fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar.	Kommunalsjef tekniske tenester – eller den han gjev ansvaret til.
Skulane i Vik har kontinuerleg fokus på godt skulemiljø og trivselsfremjande tiltak – hindra mobbing. Fokus på gode overgangar til vidaregåande skule – hindra fråfall.	Kommunalsjef oppvekst i samarbeid med rektorane.
Arbeida med gode overgangar barnehage – skule – barneskule – ungdomsskule- vidaregåande skule.	Kommunalsjef oppvekst i samarbeid med styrarane i barnehagane og rektorane.
Kunnskapsprøva om alkohol	Kommunalsjef samfunn, næring og kultur.
Opplæringsprogrammet « Tidlig inn». Her får tilsette opplæring i kartleggingsverktøy og metodar for samtale om rus, psykisk helse og vald. Føremålet er at gravide og småbarnsforeldre får kompetent hjelp tidleg, i høve rus, psykisk helse og vald.	Helsesektoren i samarbeid med aktuelle instansar, t.d. barnehagane.

Generelle brannførebyggande tiltak i kommunale omsorgsbustader eller bustader som er eigde/leigde av Vik kommune	Kommunalsjef tekniske tenester / Sogn brann og redning.
--	---

5. Løyvepolitikken:

Føremålet med løyvepolitikken er å medverka til at alkohol vert omsett på ein lovleg måte, samt å regulera tilgangen.

Kommunen sine oppgåver etter alkohollova av 2.juni 1989, sist endra 01.06.2021, har som føremål i størst mogleg grad å avgrensa dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan medføra.

Tildelinga av løyve skal vera i tråd med gjeldande retningsliner.

Gjeldande retningsliner for reaksjonar skal nyttast aktivt ved brot på alkohollova sine reglar og/eller reglar i skatt,- avgift og rekneskapslovgjevinga.

6. Planen sine økonomiske fylgjer:

Mange av dei tiltaka som er nemnde inngår i den ordinære kommunale drifta og som ein del av dei ulike etatane sitt ansvar og arbeidsområde. Det får difor jamt over ikkje ekstra kostnader.

Behandling av rusmisbrukarar i institusjon er eit statleg ansvar. Vik kommune har ansvaret for rehabilitering og omsorgstiltak generelt.

Andre utgifter/satsing på førebyggjande barne og ungdomstiltak går fram av m.a. budsjettet for oppvekst. I tillegg søker kommunedirektøren på ulike eksterne midlar ved høve.

7. Rullering av planen:

Vik kommune sin ruspolitiske handlingsplan vert rullert i samband med kvar ny kommunestyreperiode. Alkohollova 1 – 6, 1 ledd:

«Kommunal bevilling til sal av alkoholholdig drikk gruppe 2 og 3 kan gis for 4 år av gangen, og med opphør senest 30.september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.».

Hovudregelen er at sal og skjenkebevillingar vert gjeve til 30.september året etter kommunevalet.

I tråd med alkohollova, vert denne planen gjort gjeldande f.o.m. 30.september 2024 (året etter kommunevalet).

8. ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER FOR VIK KOMMUNE:

8.1. Generelt:

Vik kommune skal stå for ein alkoholpolitikk som tek både helse, sosial , kultur og næringspolitiske omsyn.

Vik kommune sin alkoholpolitikk i løyveperioden 2024 – 2028 skal byggja på alkohollova sitt føremål, slik dette er definert i § 1 – 1:

«Regulering av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholforbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer».

Dei alkoholpolitiske retningslinene for sal – og skjenkepolitikken skal medverka til mest mogleg føreseieleg og lik handsaming av søknader og reaksjonar etter kontroll med sal og skjenkestadene. God kontroll med sal og skjenkestadene skal sikra at gjeldande lover og reglar vert fylgde.

Alkohollova seier at sal av alkohol krev salsbevilling, og skjenking av alkohol krev skjenkebevilling.

Vik kommune kan tildela følgjande løyve:

- Salsløyve
- Skjenkeløyve, permanent, for ein bestemt del av året eller for eit einskild høve
- Ambulerande skjenkeløyve til lukka selskap

8.2 Søknad om løyve:

Vik kommune vidarefører ordninga med løyveperiode for inntil 4 år om gongen og at denne fyl kommunestyreperioden. Søknader om sal – og skjenkeløyve vert handsama etter at kommunestyret har vedteke retningslinjer for løyvepolitikken og gjeld difor fram til 30.september året etter kommunevalet.

Løyveperioden:

Løyveperioden er 01.oktober 2024 – 30.september 2028.

8.3 Tildeling og fornying:

Ved tildeling og fornying skal det leggjast vekt på om søker er eigna til å ha sal og skjenkeløyve og om ho/han oppfyller krava i alkohollova § 1 – 7c som m.a. omhandlar alder og krav til dokumentert kunnskap om alkohollova.

Hovudregelen er at sal og skjenkebevillingar vert gjeve til 30.september året etter kommunevalet.

Løyvet kan gjevast for periodar på inntil 4 år med opphøyr seinast 30.september året etter at nytt kommunestyre er sett i verk. Dersom spørsmål om nytt løyve ikkje er endeleg avgjort når løyveperioden går ut, gjeld løyvet til utgangen av den månad endeleg vedtak er gjort – likevel ikkje lenger enn 3 månader frå byrjinga av den nye løyveperioden.

Søknad om løyve skal innehalda følgjande:

- Firmaattest
- Skatteattest
- Teikningar av lokalet
- Skildring av konseptet
- Prov på bestått kunnskapsprøve i alkohollova for styrar og vikar for styrar. Det er krav om elektronisk kunnskapsprøve frå 01.01.2016.
- Prov på etablerarprøve for styrar ved serveringsstad.

Vik kommune sender søknaden på høyring og ber om uttale frå:

- Politiet

- Rustenesta
- Skattemyndighetene

Vik kommune hentar inn uttale frå politiet, knytt opp til alkohollova § 1 – 7b. Sal og skjenkeløyve kan verta nekta med grunnlag i negativ omtale frå politiet når høvet knyter seg til alkohollova, eller anna lovgjeving som knyter seg til føremålet i alkohollova. Negativ uttale om vandel i høve til skatt – og avgiftslovgjevinga kan og gje grunnlag for å nekta løyve.

Syner elles til alkohollova § 1 – 7b. Krav til vandel gjeld ikkje for løyve til A/S Vinmonopolet, jamfør Alkohollova § 1 – 7b.

Innehavar av sals og skjenkeløyve har plikt til å ha eit internkontrollsystem, jamfør forskrift til alkohollova kapittel 8.

8.4 RETNINGSLINER FOR SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKK GRUPPE 1 TIL FORBRUKAR:

Vik kommune skal føra ein bevisst løyvepolitikk for sal av alkohol i kommunen.

Vik kommune tillet sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 med inntil 4,7 volumprosent alkohol i daglegvarebutikkar.

Det er ein føresetnad at utsalsstaden er registrert hjå Mattilsynet.

8.4.1 Tildeling av salsløyve:

- Daglegvarebutikkar som har eit fullverdig, variert og tilfredsstillande tilbod av daglegvarer kan få salsløyve for alkoholhaldig drikke inntil 4,7 volumprosent alkohol. Kunnskapsprøva må gjennomførast.
- Verksemder som i hovudsak vert vurderte som kiosk eller bensinstasjon vert ikkje tildelt salsløyve. I tvilstilfelle vil kommunen krevja oppgåve over omsetning for å avklara t.d. om drivstoff eller daglegvare er hovudinntekt.

- Salsløyve for øl vert knytt til eit definert salsareal og eit konkret driftskonsept.
- Det er krav om at butikken har eit variert utval av alkoholsvake drikkevarer.
- Det vert lagt stor vekt på korleis søkjar sikrar at alkoholhaldig drikk ikkje er tilgjengeleg for forbrukar utanom kommunen sine vedtekne salstider for alkohol.
- Før løyva vert lenga vil kommunen henta inn uttale frå politiet. Dersom politiet har merknader som kan tyda på at ein salsstad ikkje lenger fyller krava til vandel etter alkohollova § 1 – 7 b og § 1 – 7 a fyrste ledd, vil ikkje dette løyvet verta lenga. Den aktuelle salsstaden må då søkja på nytt innan den fristen som vert sett av kommunen.
- Eit alminneleg sals løyve kan ikkje takast i bruk før styrrar og stadfortredar for styrrar har gjennomført og bestått kunnskapsprøva i alkohollova, og er endeleg godkjend jamfør alkohollova § 1 – 7 c tredje ledd.
- Dei som får sals – eller skjenkeløyve pliktar å gje kommunen ei årleg oversikt over omsetnad/revidert rekneskapstal.
- Dei som får sals – eller skjenkeløyve skal kunne leggja fram oversikt over rutinar for å førebyggja, avdekka og retta opp i ev avvik. I tillegg til ei systematisk og regelmessig gjennomgang av internkontrollen.

8.4.2 Salstider for alkoholhaldig drikk gruppe 1:

Tidsinnskrenkingar for sal av øl – alkohollova §3 – 7:

«Salg og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje fra kl 08.00 til kl 18.00. På dager før søn – og helligdager skal salget opphøre kl 15.00. Dette gjelder ikke dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte salssted innskrenke eller utvide tiden for salg i forhold til det som følger av første ledd. Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd er likevel forbudt etter kl 20.00 på hverdager, og etter kl 18.00 på dager før søn- og helligdager untatt

dagen før Kristi Himmelfartsdag. Det kan bestemmes at salg ikke skal finne sted på bestemte tider på dagen eller på bestemte ukedager.

Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd skal ikke skje på søn – og helligdager, 1. og 17.mai».

SALSTIDENE I VIK KOMMUNE SKAL VERA SLIK:

Måndag – fredag : 08.00 – 20.00

Dagar før søndag og helgedagar: 08.00 – 18.00.

Om kva som vert rekna som heilagdag, syner ein til heilagdagsfredlova § 2.

Nyttårsaftan, påskeaftan, pinseaftan og valdagen for kommune, fylkes og stortingsval:

I tråd med endringane av alkoholova, kan daglegvarebutikkane selja øl på desse dagane. Det er kommunen sjølv som avgjer om det skal seljast alkohol på valdagen for Storting og kommuneval.

8.5 SALSLØYVE FOR AS VINMONOPOLET:

Det er berre AS Vinmonopolet som kan få løyve til sal av alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent alkohol. AS Vinmonopolet er likevel og avhengig av eit kommunalt løyve til dette, slik som andre salsstader. Eit løyve til AS Vinmonopolet fyl kommunestyreperioden og gjeld for inntil 4 år.

Det er departementet som fastset opningstida for AS Vinmonopolet. Desse er frå kl. 08.30 – 15.00 på kvardagar og til kl. 15.00 på dagar før sun – og heilagdagar m/unntak av Kristi Himmelfartsdag.

Nyttårsaftan, påskeaftan, pinseaftan og valdagen for kommune, fylkes og stortingsval:

Lova tillet og at AS Vinmonopolet held ope på nemnde dagar.

Dersom kommunen har vedteke kortare salstid for alkoholhaldig drikk i butikk, må AS Vinmonopolet tilpassa seg desse tidene. Opningstida til AS

Vinmonopolet sitt utsal kan altså ikkje vera lenger enn fastsett salstid for anna alkoholhaldig drikk i kommunen.

Det er forbode med sal frå A/S Vinmonopolet på sun – og heilagdagar, 1 og 17.mai og julaftan.

8.6 SKJENKELØYVE:

Tidsinnskrenkingar for skjenking av alkoholhaldige drikkar – alkohollova § 4 – 4:

«Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan skje frå kl. 13.00 til 24.00. Skjenking av annen alkoholholdig drikk kan skje frå kl. 08.00 til 01.00.

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte skjenkested innskrenke eller utvide tiden for skjenking i forhold til det som følger av første ledd.

Fastsatt skjenketid kan utvides for en enkel anledning.

Skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 er forbudt mellom 03.00 og 13.00.

Skjenking av annen alkoholholdig drikk er forbudt mellom 03.00 og 06.00.

Tiden for skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 kan ikke fastsettes utover den tid det kan skjenkes annen alkoholholdig drikk.

Konsum av utskjenket alkoholholdig drikk må opphøre senest 30 minutter etter skjenketidens utløp.

På overnattingssteder kan det skjenkes alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 til overnattingsgjester uten hensyn til begrensningene i denne paragraf».

I kommentarane til lova (www.helsedirektoratet.no) heiter det følgjande:

«Dersom kommunen ikke har sagt noe bestemt om skjenketiden, skal lovens normaltid i første ledd følges. Det innebærer at skjenking av alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2, kan skje alle dager mellom kl. 08.00 og 01.00, mens skjenking av alkoholholdig drikk i gruppe 3, kan skje alle dager mellom kl. 13.00 og 24.00. Bestemmelsen om normaltid begrenser ikke kommunens adgang til å regulere åpningstidene gjennom forskrifter gitt med hjemmel i serveringsloven § 15».

Kommunane sin fridom:

Kommunane kan både innskrenka og utvida skjenketida i høve til normaltida, men ikkje lenger enn til maksimaltida, dvs. 03.00. Dette kan gjerast i sjølve bevillingsvedtaket eller i forskrift. Skjenketida til alkoholhaldig drikk i gruppe 3, kan ikkje gå utover den tida det kan skjenkast annan alkoholhaldig drikk. Det vil seia at det ikkje kan gjevast skjenketid for gruppe 3 (brennevin) til t.d. kl 02.00, dersom det ikkje også vert gjeve rett til skjenking av gruppe 1 og 2 (øl og vin) til kl. 02.00.

Kommunedirektøren fått tilbakemelding frå Helsedirektoratet (i e-post av 10.02.2020) at «*dere kan ha same skjenketid for alle grupper alkohol*», og at dette kan gjerast både inne og ute.

Etter søknad, kan det gjevast skjenkeløyve og/eller salsløyve.

Det må søkjast for kvar skjenkestad, også om dei er lagde til same bygg og vert drive av same driftsselskap.

Regulering av tal løyve:

Vik kommune regulerer tal skjenkeløyve med eit tak på 8 stk i Vik sentrum. Taket på løyve gjeld ikkje for ambulerande løyve til privatpersonar. Sjå og eige punkt om definisjonen på ambulerande løyve.

For kvart løyve skal det peikast ut ein styrar og vikar for styrar, der begge skal godkjennast av kommunen.

Styrar og vikar for styrar må vera tilsett på skjenkestaden eller arbeida i verksemda i kraft av eigarstilling. Det er krav om bestått kunnskapsprøve i alkohollova for begge.

Kommunen har ansvaret for gjennomføring av kunnskapsprøve i alkohollova i samsvar med retningsliner for slike prøver, jamfør forskrifta kapittel 5. Løyvehavar må alltid fylgja lova og forskriftene i tillegg til kommunale retningsliner.

Skjenkestaden pliktar til å delta på ev. orienteringsopplegg som kommunen arrangerer.

I tillegg set kommunen følgjande føresetnader for tildeling:

1. Ved tildeling av ordinære skjenkeløyve vert det ikkje stilt andre krav til driftsform for skjenking av brennevin enn for øl og vin. Det vert ikkje tildelt brennevinsløyve til verksemder med ein utprega ungdomsprofil.

2. Det er ein føresetnad at skjenkestaden har gyldig serveringsløyve (Jamfør m.a. krav om etablerarprøve m.m.) og er registrert hjå Mattilsynet.
3. Ver arrangement som er ope for publikum bør ein henta inn godkjenning frå politiet vedkomande trafikale tilhøve, vakthald og avgrensingar i arealet, før søknad vert handsama.
4. Før løyva er lenga vil kommunen henta inn uttale frå politiet. Dersom politiet har merknader som kan tyda på at ein skjenkestad ikkje lenger fyller krava til vandel i alkohollova § 1 – 7 b og § 1 – 7a fyrste ledd, vil dette løyvet ikkje verta lenga. Den aktuelle skjenkestaden må då søkja på nytt innan den fristen som vert sett av kommunen. Ved lenging av løyve for skjenkestader utan matservering (t.d. barar, pubar og diskotek), skal aldersgrensa vera 18 år etter kl. 23.00.
5. Eit alminneleg sals – eller skjenkeløyve kan ikkje takast i bruk før styrar og stadfortredar for styrar har gjennomført og bestått kunnskapsprøva om alkohollova, og er endeleg godkjend jamfør alkohollova § 1 – 7 tredje ledd.
6. Dei som får skjenkeløyve pliktar å gje kommunen årleg oversikt over omsetning/reviderte rekneskapstal.

Avgrensingar i høve til å få skjenkeløyve:

- Det vert som hovudregel ikkje gjeve skjenkeløyve til idrettsarrangement.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve ved arrangement der barn og unge er målgruppe.
- Skjenkeløyve i Blixhalli, idrettsanlegga og offentleg forsamlingshus kan gjevast etter ei konkret vurdering i enkelthøve, dersom målgruppa er vaksne over 18 år.
- Ved tildeling av løyve skal skjenkelokalet si målgruppe, storleiken på lokalet, trafikale tilhøve, ordensmessige problem, høve til å føra kontroll og omsynet til lokalmiljøet tilleggjast vekt. Det vert lagt vekt på uttalen til politiet.
- Ved tildeling av ambulerande løyve/løyve til einskildarrangement skal ein fylgja dei same reglane som for fast løyve.

- Kommunen skal vera tilbakehalden med å gje skjenkeløyve til skjenkestader som er lokalisert i nærleiken av skule, leikeplass, ungdomsklubb eller andre stader der born og unge er samla. Dersom det likevel er aktuelt å gje løyve, skal det særleg vurderast å gje skjenkeløyve i tider der born og unge ikkje er samla.
- Omsynet til offentleg ro og orden: Vik kommune vil her leggja vekt på om skjenkestaden spesielt og/eller skjenkestaden si fysiske plassering trekkjer til seg støy, ordensmessige problem eller kriminalitet. Vik kommune kan gje avslag på søknader om skjenkeløyve med grunngjeving i at skjenkestaden ligg i eit bustadområde, utan at ein og må peika på særskilte ordensproblem knytt til staden (Alkoholova 1.7a.2, samt kommentarar til lova på www.helsedirektoratet.no).
- Omsynet til trafikk/trafikale omsyn: Vik kommune vil leggja vekt på trafikale omsyn, slik som skjenkestaden si plassering i høve til trafikkert veg, fortau, m.m (alkoholova 1.7a.2, samt kommentarar til lova på www.helsedirektoratet.no).

8.6 SKJENKETIDER FOR ALKOHOLHALDIG DRIKK:

Konsum av alkoholhaldig drikk må opphøyra seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt, jamfør alkoholova § 4 – 4.

Brennevin inne:

13.00 – 02.00 alle dagar

Øl og vin - inne:

08.00 – 02.00 alle dagar.

Uteservering:

Uteserveringa fyl den same tida som for inne.

Avgrensingar: All musikk skal avsluttast innan klokka 23.00.

Utvida skjenketid - ute:

Det vert ikkje gjeve utvida skjenketid ute.

Utvida skjenketid – inne:

Det vert ikkje gjeve utvida skjenketid inne.

Skjenkeløyve kan/kan ikkje gjevast til – type løyve:

Generelt løyve for servering av øl, vin og brennevin:

- Hotell, restaurant og andre serveringsstader avgrensa mot eit vakse publikum, gardsturisme.

Generelt løyve for servering av øl og vin:

- Reiselivsverksemder som pensjonat, vertshus, mindre overnattingsstader, stader retta mot ungdom frå 18 år og eldre, båtar i chartertrafikk m.m, ute serveringsstader.

a) Pubar og diskotek:

Dette er skjenkestader der alkoholservering vil utgjera hovudtilbodet. Øl, vin og brennevinsløyve kan gjevast.

b) Restaurantar:

Med dette meiner ein serveringsstader som har kjøkken og som lagar eigen mat. Bedrifta har eit variert og tilfredsstillande tilbod med servering ved borda. Øl, vin og brennevinsløyve kan gjevast.

c) Hotell og motell:

Det kan gjevast skjenkeløyve til hotell/motellet sine gjester på overnattingsstader som har tilfredsstillande standard, jamfør forskrifta § 4 – 8. Skjenkeløyve til øl, vin og brennevin kan gjevast. Avgrensingar i opningstida gjeld ikkje.

d) Kafear:

Med kafear meiner ein serveringsstader med eige kjøkken med eit variert og tilfredsstillande mattilbod. Skjenkeløyve til øl og vin kan gjevast.

e) Gatekjøken:

Med gatekjøkken meiner ein serveringsstad der tilbodet er enkle matrettar av heil eller halvfabrikat. Skjenkeløyve skal ikkje gjevast.

f) Utandørs servering:

Det kan i utgangspunktet berre gjevast skjenkeløyve til utandørs servering i direkte tilknytning til restaurant/serveringsstad av mat (terrasse servering). Øl, vin og brennevinsløyve kan gjevast.

Avgrensingar: Utandørs servering skal skje på tydeleg fysisk avgrensa område. Utandørs servering må ikkje vera til sjenanse for omgjevnadene eller fare for at det skjer uhell (t.d. trafikk). Dersom det er musikk på utandørs serveringa, skal musikken avsluttast innan klokka 23.00. Unntak kan gjerast til spesielle arrangement.

g) Ambulerande skjenkeløyve til lukka selskap:

Alkoholova § 4 – 5. Ambulerande skjenkeløyve vert tildelt privatpersonar. Det vil seia søkjarar utan alminneleg løyve. Det kan gjevast løyve for gruppe 1,2 og 3. Selskapet må vera lukka.

Ambulerande løyve må søkjast dersom ein ynskjer å servera alkoholhaldig drikk mot betaling i eit lukka selskap.

Ansvarleg person ved alle ambulerande skjenkeløyve skal vera minimum 20 år og erklært seg kjend med gjeldande regelverk.

Søknadsfristen for ambulerande løyve er seinast 14 dagar før arrangementet finn stad. Det skal leverast namneliste over deltakarane seinast ei veke før avvikling av arrangementet.

Skjenketida for ambulerande løyve fyl dei ordinære reglane for skjenking. Det er ikkje krav om kunnskapsprøve for ambulerande skjenkeløyve eller løyve for eit enkelthøve.

Kva er eit slutta selskap? Korleis vurderer ein løyve/Ikkje løyve?

Ein treng ikkje ambulerande løyve om ein har eit privat arrangement og gjestene har med seg alkoholhaldig drikk, eller ein serverer alkoholhaldig drikk utan betaling.

Omgrepet « slutta selskap» er sentralt i vurderinga. Vik kommune legg til grunn alkohollova si forståing av dette omgrepet. Konkret inneber dette at eit slutta selskap må vera tufta på personleg innbyding frå den/dei som inviterer til selskapet, og at det er klårt før skjenkinga tek til, kven som har takka ja. Det er ikkje nok at ein skriv seg på ei liste eller kjøper billetter. Invitasjonar som går ut som flygeblad, annonse i aviser eller via Facebook, der alle kan invitera «sine» venner, er ikkje å sjå på som eit lukka selskap.

Lag og organisasjonar med avgrensa medlemsskap vert i seg sjølv ikkje rekna som slutta selskap. Dvs at vanlege medlemsmøte i ei foreining ikkje oppfyller lova sitt krav til slutta selskap.

Difor skal ein vera merksame på at:

- All servering av alkohol mot betaling krev løyve.
- Dersom du skal arrangera fest i slutta selskap i forsamling eller festlokale er det og eit krav om at den som låner eller leiger ut lokalet, ikkje er involvert i arrangementet på annan måte enn ved å stilla lokalet til disposisjon. Dersom utleigar også skal syta for innkjøp av mat og/eller drikke, eller servera, er det og krav om skjenkeløyve.

h) Båtar i chartertrafikk:

Skjenkeløyve til øl og vin kan gjevast.

i) Skjenkeløyve for ei einskild hending:

Alkohollova § 1 – 6, 2.ledd. Dette er skjenkeløyve som vert knytt til eit bestemt arrangement som er ope for ålmenta. T.d. ein konsert. Det må tildelast særskilt løyve for kvart einskild arrangement. Det kan gjevast løyve for alkoholhaldig drikke i gruppe 1,2 og 3.

Søknad om løyve må liggja føre seinast 1 månad før arrangementet finn stad. Dette for å sikra handsaming i tide.

Ved arrangement som er ope for publikum skal det hentast inn godkjenning frå politiet om trafikale og ordensmessige tilhøve, vakthald og avgrensingar av areal, før søknaden vert handsama.

Det skal peikast ut ansvarleg styrar for skjenkeløyvet. Ved mindre arrangement kan kommunen bestemma at det er tilstrekkeleg med opplysningar om kontaktpersonen. Kontaktpersonen skal vera minimum 20 år og erklært seg kjend med gjeldande regelverk.

Det er ikkje krav om kunnskapsprøve for ambulerande skjenkeløyve eller løyve for eit enkelthøve etter alkohollova, men ved større arrangement krev Vik kommune at skjenkestyrar skal ha godkjend kunnskapsprøve. Kommunedirektøren avgjer kva som er større arrangement.

Personar/verksemder som ikkje har tilknytning til kommunen eller arrangementet, får ikkje tildelt skjenkeløyve ved einskildhøve.

I tilfelle som ikkje er nemnde her, avgjer kommunedirektøren kva som er « eit bestemt høve» i tråd med desse føringane.

8.7. AVGIFTER:

Bevillingsgebyr:

Kommunen fyl gjeldande satsar i lova og forskrift for innkrevjing av gebyr. Syner her til alkohollova § 7 – 1 og forskrift §§ 6 – 1 og 6 – 2.

8.8. Kontroll:

Kontroll med sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skjer i medhald av alkohollova sine forskrifter, samt retningsliner for sals – og skjenkekontrollen.

Det vart i 2020 inngått samarbeidsavtale med Kinn kommune om innkjøpssamarbeid. Innkjøpssamarbeidet har inngått avtale med Securitas om sals- og skjenkekontrollar.

Krav til talet på kontrollar fylgjer alkoholforskrifta § 9 – 7. Sal og skjenkestadene skal kontrollerast så ofte som behovet tilseier. Kvar skjenkestad skal kontrollerast minst ein gong årleg.

Kommunen skal årleg utføre minst tre gonger så mange kontrollar som kommunen har skjenkestader.

Det fylgjer alkoholforskrifta § 9 – 1 at det er kommunen som er ansvarleg for utføring av kontrollane – også sjølv om kommunen kjøper kontrolltenesta.

8.9 Reaksjonar ved brot på alkohollova sine reglar m.m.:

Ved brot på alkohollova eller andre reglar som har nær samanheng med alkohollova sitt føremål, eller reglar i skatt, avgift og rekneskapsreglar, kan ein leggja vekt på følgjande:

- Type brot
- Kor grovt – alvorsgraden
- Om løyvehavar kan klandrast
- Om tidlegare praktisering av løyvet

Reaksjonar kan då og vera:

- Gje råd og rettleiing
- Gje skriftleg åtvaring
- Tildeling av prikk
- Inndraging av løyvet for ein bestemt periode
- Inndraging av løyvet for resten av løyveperioden

Tildeling av prikk:

Alkoholforskrifta § 10 – 3 har opplisting over type brot og kva tildeling av prikk/prikkar dette kan medføre. Tildelinga varierer mellom 1 – 8 prikkar:

A) Følgjande brot fører til tildeling av 8 prikkar:

- **8 prikkar:**
 - Sal og skjenking til personar som er under 18 år, jamfør alkohollova § 1 – 5.

- Brot på bistandsplikta (å hjelpa personar som ikkje kan ta vare på seg sjølv), jamfør § 4 – 1 i forskrifta.
- Brot på kravet om forsvarleg drift, jamfør alkohollova § 3 – 9 og 4 – 7.
- Hindring av kommunal kontroll, jamfør alkohollova § 1 – 9.

B) Følgjande brot fører til tildeling av 4 prikkar:

- **4 prikkar:**

- Sal og skjenking til person/ar som er tydeleg påverka av rusmiddel, jamfør § 3 – 1 og 4 – 2 i forskrifta.
- Brot på sal og skjenketidene, jamfør alkohollova § § 3 – 7 og 4 – 4.
- Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 til personar på 18 eller 19 år, jamfør alkohollova § 1 – 5.
- Brot på alderskravet til den som sel, utleverer eller skjenkar alkoholhaldig drikk, jamfør alkohollova § 1 – 5.

C) Følgjande brot fører til tildeling av 2 prikkar:

- **2 prikkar:**

- Tydeleg ruspåverka person får høve til opphald i lokalet, eller at løyvehavar ikkje syter for at person som er tydeleg påverka av rusmiddel ikkje forlet staden, jamfør § 4 – 1 i forskrifta.
- Manglar ved internkontrollsystemet.
- Manglar levering av omsetningsoppgåve innan kommunen sin frist.
- Manglar betaling ved bevillingsgebyr.
- Brot på krav om styrar og stedfortredar.
- Gjenteke narkotikaomsetning på skjenkestaden.
- Gjenteke diskriminering (alkohollova § 1 – 8, andre ledd).

D) Følgjande brot fører til tildeling av 1 prikk:

- **1 prikk:**

- Brot på vilkår i vedtaket om løyve, jamfør alkohollova §§ 3 – 2 og 4 – 3.
- Brot på kravet om alkoholfrie alternativ.
- Brot på reglane om skjenkemengde.

- Konsum av alkoholhaldig drikk som ein har med seg inn i lokalet, eller gjester tek med seg alkohol ut av skjenkeområdet, jamfør § 4 – 4 i forskrifta.
- Brot på kravet om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstaden, jamfør § 3 – 3 i forskrifta.
- Brot på reklameforbodet, jamfør alkohollova § 9 – 2 og kapittel 14 i forskrifta.
- Andre lovbrott som er omfatta av alkohollova § 1 – 8 fyrste ledd, m.a. alkohollova § 3 – 1 sjette ledd, § 4 – 1 andre ledd, § 8 – 6a, § 8 – 12 og § 8 – 13.

Det kan liggja føre formildande og skjerpande omstende for eit brott. Utmålinga av prikkar skal i kvart tilfelle ta omsyn til dette. Dersom løyvehavar vert tildelt 12 prikkar i løpet av ein periode på 2 år, skal løyvet inndragast for ei veke.

Vilkår for å få tildelt sals og skjenkeløyve skal vera oppfylt heile løyveperioden. I motsett fall kan løyvet verta inndrege.

Løyvet kan verta inndrege dersom løyvehavar ikkje har god vandel i høve skatte og avgiftslovgjevinga (t.d. manglande innsending av sjølvmelding eller mangelfull rekneskapsføring, manglande oppgåver/innsending av meiravgift eller skattetrekk).

Løyvet vert automatisk inndrege inntil pålagt avgift er betalt. Dersom avgift ikkje er betalt innan fristen (så sant det ikkje er på gang noko klagesak som gjeld tildelt avgift).

Løyve som ikkje har vore nytta i 1 år kan verta inndrege.

I saker som gjev grunnlag for tildeling av prikk/prikkar, sender kommunen ut varsel om dette på førehand. Jamfør forvaltningslova § 16 og alkoholforskrifta § 10 – 5, fyrste ledd.

Kjelder

Alkoholforskrifta (2005). Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (FOR-2005-06-08-538). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538?q=alkoholforskriften>

Alkohollova (1989). *Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.* (LOV-1989-06-02-27). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27>

FHI (2017). *Utelivstudien 2017: Rusmiddelbruk blant folk «på byen» i Oslo og seks andre byer på Østlandet*

FHI (2023). *Alkoholforbruk i den voksne befolkningen.*
<https://www.fhi.no/le/alkohol/alkoholinorge/omsetning-og-bruk/alkoholbruk-i-den-voksne-befolkningen/?term=>

Folkehelse rapporten – folkehelseinstituttet.
<https://www.fhi.no/he/folkehelse rapporten/?term=>

Helse- og omsorgstjenestelova (2011). *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.* (LOV-2011-06-24-30). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>

Meld. St. 23 (2022–2023). *Melding til Stortinget Opptrappingsplan for psykisk helse (2023–2033)*
<https://www.regjeringen.no/contentassets/0fb8e2f8f1ff4d40a522e3775a8b22bc/no/pdfs/stm202220230023000dddpdfs.pdf>

Meld. St. 26 (2014-2015). *Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet.* Helse- og omsorgsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-26-2014-2015/id2409890/>

Meld. St. 30 (2011-2012). *Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk. Alkohol - narkotika – doping.* Helse- og omsorgsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-30-20112012/id686014/?ch=1>

Meld. St. 47 (2008-2009). *Samhandlingsreformen. Samhandlingsreformen — Rett behandling – på rett sted – til rett tid.* Helse- og omsorgsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-47-2008-2009-/id567201/?ch=1>

Politiet (2023). *Politiets tilstandsanalyse for 2023 : Trafikksikkerhetsarbeid*

Prop.15 S (2015 – 2020) - *Opptrappingsplanen for rusfeltet (2016 – 2020).* Helse- og omsorgsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/1ab211f350b34eac926861b68b6498a1/no/pdfs/prp201520160015000dddpdfs.pdf>

Statistisk sentralbyrå (2023). *Rusundersøkelsen 2023 – dokumentasjonsnotat*
https://www.ssb.no/helse/helseforhold-og-levevaner/artikler/rusundersokelsen-2023/_/attachment/inline/98582c11-3d0a-4b57-b9e0-b3b6a3e54fb3:1b9948795aeada2f471b95696282361574e95ef2/NOT2023-53.pdf